

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-033	20/5

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2020	Arbeidsmiljøutval	PS	25.05.2020

## Drøftingssaker

### Forslag til vedtak:

### Saksopplysningar:

#### Arbeidsmiljøutval - 007/2020

#### AMU - behandling:

- Korleis opplever tilsette og arbeidsgjevar koronosituasjonen i Modalen kommune m.o.t. arbeidsmiljø? Kva er ein nøgd med? Kva kan bli betre?  
Fagforbundet veldig nøgd med informasjon gjeven til sine medlemmar frå pleie og omsorg, skule og barnehage mm. Anneli Lilletveit viste til møter i kriseleiinga 2 gonger i veka kor leiarane var tett på det meste som gjekk føre seg i kommunen. Tom K. Imsland peika på at opning av skulen då 5. klassinga og oppover kom tilbake kom litt brått på, og at verneombodet burde vore tatt med i planlegginga. Han hadde motte mange spørsmål frå tilsette og foreldre i samband med tilbakekomsten. Kari Øvretveit var noko kritisk til at det var for lite tid til å planleggje tilbakekomsten, kantinebruken, og at det burde vore faste møter mellom leiing, VO og HTV/ATV.  
Ove trakk fram at det er ein viktig del av kommunen sin organisasjonsstruktur å gjennomføre faste møter med VO og TV. her kan ein adressere uvisse og sikre god kommunikasjon ut til øvrige tilsette. Venke Osnes (BHT) oppmoda om å gjennomføre evalueringar/oppfølgingsmøte no for drøfte status og erfaringar. Kva er status no, og kva skjer framover - risikovurdere.  
AMU bad om at det til neste møte vert orientert om skriftleg frå leiarane koreis dei ser føres eg at samarbeidet med tilsette vert best mogleg.
  - Korleis vurderer AMU status for arbeid med avviksmeldingar? Virkar det slik tenkt, eller treng det meir innsats?
- Dette punktet vart ikkje drøfta utover gjennogang av avvikssmeldingar under orienteringar.

3. Kva vurderer AMU som det viktigaste området for Modalen kommune å arbeide med i tida framover?

- sikre nytt bygg til administrasjonen - gode arbeidsplassar samt god tilgjengelighet for innbyggjarar.
- sikre best mogleg arbeidsmiljø for tilsette.
- oppdatere/sikre at tilsette er godt kjent med etiske retningslinjer.
- felles tur/opplevningar for heile personalet.
- Etterspørje/registrere viktige aktivitetar leiarar skal følgje opp i sine einingar.

**AMU - vedtak:**